



**DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT**

*Royal Ministry of Finance*

*Finansministeren*

Stortingets presidentskap  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
17/171 -

Dato  
20.01.2017

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 510 frå stortingsrepresentant Geir Pollestad**

Eg viser til brev 13. januar 2017 frå Stortingets presidentskap, vedlagt spørsmål til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Geir Pollestad.

*Kan statsråden gje ei samla oversikt over kva som ligg i den mykje omtala «bilpakka» og korleis den samla sett og på dei ulike punkta vil slå ut for økonomien til bilistane i 2017?*

*Grunngjeving:*

*Me har alle registrert at auken i drivstoffavgiftene var på plass 1. januar 2017.*

*Eg er ikkje kjent med at satsane i bomstasjonane nokon plass i landet er sett ned til nå. I statsbudsjettet ligg det inne 502 millionar kroner til ordninga. I svar på skriftleg spørsmål (Dokument 15:458 (2016-2017) skriv samferdselsministeren: «Som representanten Pollestad burde vært kjent med, betyr ikke det at takstene reduseres frå 01.01.17, men de vil få effekt på takstene i løpet av året.» Det er uklårt om talet som er nytta på 502 millionar er venta effekt i 2017 og at heilårsverknaden er høgare. Om ikkje har regjeringa blese opp talet i sitt budsjettframlegg for å pynte på «bilpakka».*

*Det er også uklårt korleis den endra innretninga på innkrevjing av årsavgift vil påverke det beløpet som bilistane faktisk skal betale i 2017.*

**Svar:**

Regjeringa la i statsbudsjettet for 2017 fram forslag til eit grønt skatteskitte som oppfølging av grønt skattekommissjon, jf. NOU 2015: 15 *Sett pris på miljøet – Rapport fra grønn skattekommissjon*. Forslaga følgde òg opp oppmodingsvedtak nr. 70 som vart fatta som følgje

av handsaminga av budsjettet for 2016 i Stortinget:

«Stortinget ber regjeringa i statsbudsjettet for 2017 fremme forslag om et grønt skatteskipte som en del av oppfølgingen av innstillingen fra grønn skattekommissjon. Et slikt skifte skal innebære en økning av avgifter på utslipp av CO<sub>2</sub> motsvart av en sektorvis reduksjon av andre skatter og avgifter. Avgifts- og skatteomleggingen skal være av en størrelse som forsterker klimaforliket og gir betydelige utslippsreduksjoner.»

Dei viktigaste endringane i det grønne skatteskiptet regjeringa fremma 2017 (inkl. kompensasjonar) som påverker bilistaneer gjengjeve i tabell 1.

Tabell 1 Berekna provenyverknader av det grønne skatteskiptet. Mill. kroner

	Påløpt	Bokført
Avgift på autodiesel auka med samla 35 øre per liter	1 040	950
Avgift på autodiesel auka med samla 15 øre per liter	130	120
Redusert årsavgift for personbilar (om lag 12 pst.)	-1 220	-1 220
Auka sats i reisefrådraget med 6 øre per kilometer	-75	-60
Auka avskrivingsssatsar i saldogruppe c) til 24 pst.	-300	-70
Reduserte bompengar utanom storbyane	-500	-500
<b>SUM</b>	<b>-925</b>	<b>-780</b>

Kilde: Finansdepartementet

I tillegg vedtok Stortinget auka vekt på utslepp i eingongsavgifta som vert utlikna av nytt tilskott til vraking.

Korleis det grønne skatteskiptet vil slå ut for kvar enkelt bilist vil variere med mellom anna reisevanane til den enkelte bilisten. Nedanfor er det sett opp typeeksempel basert på føresetnader om årleg reiselengde, type køyretøy m.m. Eksempel på korleis endringane kan slå ut for privatpersonar er sette opp i tabell 1. Korleis endra avskrivingsreglar vil slå ut for den einskilde næringsdrivande avheng mellom anna av skatteposisjon, storleik på investeringa og type driftsmiddel.

#### Vegbruksavgift og CO<sub>2</sub>-avgift

Som følgje av det grønne skatteskiptet er vegbruksavgifta og CO<sub>2</sub>-avgifta auka med til saman 35 øre per liter for autodiesel og 15 øre per liter for bensin.

#### Årsavgift

Som følgje av det grønne skatteskiptet vil årsavgifta bli redusert med 12 pst. reelt. Ein eigar av ein bensindriven personbil vil få ein reell reduksjon i årsavgifta på 380 kroner frå 2016 til 2017.

I spørsmålet frå representanten vert det òg stilt spørsmål ved korleis den endra innretninga på innkrevjing av årsavgift vil påverke det beløpet som bilistane skal betale i 2017. Frå og med 2018 er det lagt opp til å erstatte årsavgifta med ei avgift på trafikkforsikring. Innføringa av den nye avgifta startar opp allereie i 2017. Dette har samanheng med at forsikringar som vert fornya i 2017, òg vil gjelde dekning for delar av 2018. For dei som betalar forsikringa i årlege terminar må difor avgifta for 2018 prisast inn i krava som vert sende ut i 2017. Ordninga

inneber at dei som betalar forsikringa si i månadlege terminar vil få delt opp avgifta og slik kan unngå ein stor, årleg faktura som i dag. Avgifta på trafikkforsikring skal ein berre betale for den tida køyretøyet er forsikra. Dette gjev større fleksibilitet for den enkelte ved at ein kan unngå avgift når køyretøyet ikkje er i bruk.

### *Reisefrådrag*

Det vert gjeve frådrag i alminneleg inntekt for arbeidsreiser mellom heim og arbeidsstad og ved besøksreiser til heimen. Satsane i reisefrådraget er i 2017 auka til 1,56 kroner per kilometer for reiser inntil 50 000 km og til 0,76 kroner per kilometer for reiser mellom 50 000 km og 75 000 km. Botnbeløpet i reisefrådraget er 22 000 kroner.

### *Typeeksempel*

I tabell 2 er det rekna konsekvensar av det grønne skatteskiftet for bilistar for enkelte typeeksempel. I berekninga er det føresett at person 1 og 2 får reisefrådrag for ei daglig reisetrekning på 70 kilometer éin veg, dvs. til saman 140 kilometer dagleg. Person 1 nyttar bil på heile strekninga, medan person 2 reiser med tog på 65 kilometer av strekninga og med bil på dei resterande 5 kilometerane. Person 3 får ikkje reisefrådrag. For alle personane er det føresett at årlege fritidsreiser med bil utgjer 12 500 kilometer og at personane eig ein dieseldriven personbil med fabrikkmontert partikkelfilter som brukar 0,6 liter drivstoff per mil. Innsparinga den enkelte bilist vil få frå reduserte bompengetakstar utanfor storbyområda vil mellom anna avhenge av bomtaksten på strekninga dei køyrer og kor ofte dei passerer bomstasjonane på strekninga. Bompengar er difor ikkje tekne med i reknestykket.

*Tabell 2 Typeeksempel. Anslag på årleg endring i skatt og avgift relatert til eige og bruk av køyretøy for privatpersonar. Negative tall betyr lette. Avgiftsendringane er rekna i forhold til referansesystemet for 2017. Reisefrådraget er rekna i forhold til 2016-reglar. Kroner*

Typeeksempel	Person 1 (bilpendlar)	Person 2 (togpendlar)	Person 3 (ikkje-pendlar)
Auka drivstoffavgifter (inkl. mva)	1 173	389	328
Redusert årsavgift	-380	-380	-380
Auka reisefrådrag	-464	-464	-
Sum	330	-455	-52

Kilde: Finansdepartementet

### *Avskrivingsreglar*

Ein næringsdrivande transportør som har investert i eigedelar innanfor saldogruppe c, vil som følgje av høgare maksimale avskrivingsattsar kunne få lågare utlikna skatt for inntektsåret 2017 dersom han er i skatteposisjon. For varebilar, drosjebilar og køyretøy for transport av funksjonshemma aukar maksimal avskrivingsatts frå 20 til 24 prosent i 2017. Ein transportør som har organisert verksemda i selskap, og som investerer ein mill. kroner i slike driftsmiddel, vil kunne få 9 600 kroner lågare utlikna skatt for inntektsåret 2017.

Transportørar som driv som personleg næringsdrivande vil normalt ha ein høgare marginalsattesats. For personleg næringsdrivande med maksimal marginalsattesats (49,9 prosent) vil skatten for ein som investerer ein mill. kroner i varebilar bli redusert med 20 000 kroner i 2017.

For vogntog, lastebilar og bussar aukar maksimal avskrivingsatts frå 22 til 24. Skattereduksjonane knytt til investeringar i desse driftsmidla blir om lag halvparten samanlikna med døma over.

For nullutsleppsvarebilar aukar maksimal avskrivingsatts frå 20 til 30 prosent. Ein transportør som har organisert verksemda i selskap, og som investerer ein mill. kroner i slike driftsmiddel, vil kunne få 24 000 kroner lågare utlikna skatt for inntektsåret 2017. For personleg næringsdrivande med maksimal marginalsattesatts blir førsteårseffekten 50 000 kroner lågare skatt.

Auka avskrivningar i 2017 vil redusere avskrivingsgrunnlaga i seinare år. Den reelle skattereduksjonen utgjer renteeffekten av skattecreditten som blir oppnådd med høg avskrivingsatts. I døma ovanfor utgjer noverdien av skattecredittane, rekna om til såkalla permanentinntekt (årleg, varig effekt), om lag ein femtedel av førsteårseffektane, gitt mellom anna at skattytarane over tid reinvesterer tilsvarande kapitalslit. Dette målet gir betre uttrykk for endringane i skatte- og avgiftsnivået.

### *Bompenigar*

Innsparinga den enkelte bilist vil få frå reduserte bompengetakstar utanfor storbyområda vil mellom anna avhenge av bomtaksten på strekninga dei køyrer og kor ofte dei passerer bomstasjonane på strekninga.

Bomprosjekt på riksvegar utanfor byområda vil kunne få auka statlege midlar for å redusere takstane. Tilskot til reduserte bompengetakstar utanfor byområda vert tildelt etter søknad. Bompengeselskapa må kunne dokumentere takstreduksjon og tilslutning til ny organisering. Vidare må lånegarantisten godkjenne ein reduksjon i takstane. I løpet av kort tid vil Vegdirektoratet sende ut eit brev kor søknadskriteria er nærare beskrive. Ettersom tilskotsordninga er basert på søknad, må det reknast noko tid til å handsame søknadar frå bompengeselskapa. Vidare må lånegarantisten godkjenne ein reduksjon i takstane og dette må handsamast i respektive fylkesting. Regjeringa ynskjer at takstane vert reduserte så snart som mogleg. Vi har vore tydelege på at endringa ikkje vil gje reduserte takstar frå 1. januar 2017 fordi ein må rekne noko tid for at denne søknadsprosessen skal fullførast. Heile beløpet på om lag 500 mill. kr vil likevel kome bilistane til gode ved at eventuelle restbeløp i 2017, etter at takstreduksjonar er gjennomført, vil gå til å kutte gjeld i dei selskapa som mottar tilskotet.

Med helsing

Siv Jensen